

Avdeling Os

Hamnevegen 53,
PB. 291, 5203 Os
Tlf: 56 57 00 70
post@abo-ark.no

Avdeling Stord

Torgbakken 9
PB. 32, 5401 Stord
Tlf: 90 66 16 31
poststord@abo-ark.no

Til naboar og høyringsinstansar

Stord, 20.09.2023


Melding om oppstart av Detaljregulering for naust - og fritidsbustad Aravikjo, gbnr. 8/67 Ytre Håvik, PlanID 202306

Initiativtakar

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 vert det med dette meldt at ABO Plan & Arkitektur Stord AS, på oppdrag for John Totland, set i gong arbeid med detaljregulering (reguleringsendring) for naust - og fritidsbustad Aravikjo, 8/67 Ytre Håvik, PlanID: 202306. Oppstartsmøte var 28.06.2023. Når planen vert vedtatt vil den erstatte delar av R-55 og heile U-4.

Planstatus og føremål

Området er bygd ut i frå før, og er omfatta av den eldre detaljreguleringsplanen for Håvik Ytre (planID 4613_R-55) og Utbyggingsplan for Håvik Ytre (planID 4613_U-4). Arealet er her avsett til naust, fritidsbustader, friareal, gangstiar, småbåthamn og veg. I kommuneplanen sin arealdel (KPA) er areal avsett til omsynssone Reguleringsplan skal fortsatt gjelde. Sjøområdet er elles synt som Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone.



Figur 1 Utsnitt gjeldende reguleringsplan (utbyggingsplan) Figur 2 Flyfoto eks. situasjon


Intensjonen med reguleringsendringa er å leggje til rette for tilkomst, parkering og pumpehus til naustrekke N1 (lengst sørvest) i gjeldende reguleringsplan, samt justeringar i tråd med løyver og bygd situasjon.

Avgrensing

Planområdet utgjør om lag 19,8 daa og består av følgjande eigedomar: 8/53, 67, 72-78, 80, 91, og 96-111. Tiltakshavar eig gbnr. 8/67 som er hovudbruket, medan dei fråskilde naust – og fritidsbustadtomtene er i privat eige.



Figur 3 Utsnitt planavgrensning



Figur 2 Oversiktskart. Kommunekart.com

Viktige utgreiingar

Reguleringsplanen skal utarbeidast som detaljregulering jf. § 12-14 i plan- og bygningslova, dvs. reguleringsendring etter full planprosess. Det er vurdert konsekvensutgreiing og kommunen har vurdert at planen ikkje fell under vilkår for slik utgreiing. Planen, eller tiltak planen opnar for, er ikkje omfatta av forskrift om konsekvensutgreiingar §§ 6-8.

Planforslaget sine tiltak vurderast i høve til samfunn og miljø, der m.a. naturmangfald, støy og trafikkavvikling vil utgreiast som del av planarbeidet. Det skal utarbeidast ROS-analyse.

Saksdokument og merknadar

Moglege merknadar og synspunkt til planarbeidet og planprogrammet skal sendast skriftleg til:

ABO Plan & Arkitektur Stord AS, Postboks 32, 5401 Stord

Eller e-post: poststord@abo-ark.no / haga@abo-ark.no Innan høyringsfristen: **21.10.2023**

Det er ikkje naudsynt å sende kopi av merknader og innspel til kommunen - dette vil vi ivareta i samband med innsending av planframlegg.

Oppstartsmelding, planinitiativ, referat i frå oppstartsmøtet med kommunen, samt saksprotokoll, finn de på kommunen sine nettsider/planregisteret, samt på ABO sin nettstad:

<https://abo-ark.no/aktuelt/#reguleringsplaner>.

Vidare arbeid

Etter at fristen for merknader er gått ut vil vi utarbeide eit planframlegg som inneheld planomtale, plankart og føresegner. Ferdig planforslag vil så verta sendt kommunen for handsaming. Etter 1. gangs politisk handsaming vert planframlegget sendt på ny høyring og lagt ut til offentleg ettersyn. Det vil også då vera moglegheit for å koma med merknadar til planframlegget før ny politisk handsaming av planforslaget.

Med vennleg helsing

ABO Plan & Arkitektur Stord AS

Berit Haga Vikanes

Vedlegg: Planavgrensing